

Klage på avslag skjenkeløyve slutta lag

Eg vil med dette klage på avslaget eg har fått for å servera alkohol i slutta lag i samband med 50 års dagen min. Avslaget var dagsett 24. mars 2017.

Grunngjevinga for avslaget er at Storstova vert av administrasjonen definert som skulebygg. Og det vert vist til Alkoholpolitisk plan, der det heiter at «skjenking knytt til ambulerande løyve kan ikkje skje i kommunale skuler eller kommunale fritidsklubbar».

Eg fylgjande å innvende:

- 1) Storstova er bygd med kommunale midlar, tippemidlar og innsats frå bygda. Eg trur ikkje Bygdelaget hadde hatt ein enorm innsats i perioden 2008-2017, for å samla inn 1.7 millionar til Leiknes skule. Midlane og den store innsatsen er gjort til bygda sitt kultur og idrettshus.
- 2) Når administrasjonen har definert Storstova som skulebygg, er dette drøfta med samarbeidsparten i bygginga, Bygdelaget 5915? Om ikkje det er drøfta, og Bygdelaget 5915 har fått sagt sitt, så er «defineringa» å rekna som eit overgrep mot Bygdelaget og dei mange, inkludert meg, som har gjort ein solid dugnadsinnsats for den nye møteplassen i bygda.
- 3) Lindås kommune har praktisert at det vert gitt løyve i dei to andre fleirbrukshallane kommunen har. Leknes ligg skjerna i høve busetnad, praktisk er det såleis vanskeleg å sjå korleis mitt slutta lag skal behandlast strengare enn tildømes skjenking for 2500 menneske på Vassendgutane i Nordhordlandshallen, på eit ope arrangement.
- 4) Lindås kommune har fram til no definert Storstova som ein fleirbrukshall, jfr oppslag i avisene og på kommunen si facebookside. Frå nettsidene til Lindås kommune har eg saksa fylgjande «Hallane er fleirbrukshallar for idrett og kultur. På dagtid er hovudbruken kroppsøving for skulane. Hallane er også tilgjengelege for utleige til kommersielle aktørar. Det er mogleg å søkje arrangement med ambulerande skjenkeløyve i fleirbrukshallane».
- 5) Kommunen skal praktisera likebehandling. Eg ser ikkje at dette avslaget er i samsvar med prinsippet om lik behandling, jfr. skjenking i dei andre fleirbrukshallane i Lindås.

Hjelmås 30. mars 2017

Inger Helen Midtgård

Kopi: Atle Vaage